

PKO-NYTT

Praksis - Konsulent - Ordninga

Nr. 7 - 2017



HELSE BERGEN
Haukeland universitetssjukehus



Haraldsplass
Diakonale sykehus


Ambulanse

Ambulansar har tilgang til alle område heile tida. Det vil vere fleire ambulansar stasjonert i og rundt Bergen sentrum enn vanleg. Desse kan sjølvstilt også frakte fødande om nødvendig. Helsepersonell skal følgje vanlege kriterier for bestilling av ambulanse.

Fødande

Jonas Lies vei som går forbi Kvinneklinikken er open heile tida. For å køyre til Kvinneklinikken under VM nyttar ein vegen opp Hunstadsvingen frå Ibsens gate, og så inn i Jonas Lies vei og inn til Kvinneklinikken.

Det er laga ei sms-løysing som gjer at fødande lett skal komme seg til sjukehuset i drosje eller eigen bil. Dei ringer KK som vanleg (55 97 22 00) og får ein sms som skal visast til politiet eller andre vaktar ved sperringar slik at dei kan nytte vegar som egentlig er berekna på drosje, kollektivtrafikk og ambulansar.



Bilveg til KK under sykkel-VM er markert med raudt.

Sykkel-VM i Bergen 2017

I perioden 16.-24. september blir Sykkel-VM arrangert i Bergen. Dette kan gi konsekvensar for pasientar, pårørande og helsepersonell i Bergensområdet.

Bergen kommune, Skyss, Helse Bergen og Haraldsplass Diakonale sykehus har alle nettsider /lenker knytt til informasjon om Sykkel-VM.

Bergen sentrum blir stengt for vanleg biltrafikk kvar dag mellom kl. 08.30 og 19.00. Nokre delar av sentrum er stengt heile døgnet. Bergen kommune har lagt ut vegkart for alle dagane som konkurransen pågår.

Reisa til sjukehuset

Alle som skal til Haukeland universitetssjukehus og Haraldsplass Diakonale sykehus i denne perioden blir råda til å reise kollektivt, sykle, eller gå dersom dei kan.

Alle må rekne med å bruke ein time ekstra i forhold til ordinær reisetid til sjukehusa. Det er også lurt å berekne ekstra reisetid til Betanien sykehus.

Kollektivtrafikk

Alle busslinjer til og frå sentrum blir lagt om før VM startar, og mange av haldeplassane i sentrum vil ikkje vere i bruk. Bergen busstasjon blir det sentrale knutepunktet for busstrafikken, også for dei som skal til Haukelandsområdet. Det vil bli oppretta ei eiga rute med buss kvart tiande minutt frå Bergen busstasjon til Haukeland.

Bil og drosje

Det vil vere mogleg å køyre til Haukeland opp Hunstadsvingen frå Ibsens gate, forbi Kvinneklinikken (Jonas Lies vei) og inn til Sentralblokka på HUS eller til Haraldsplass Diakonale sykehus.

Brann, politi og ambulanse er sikra tilkomst til alle områder, også til sjukehuset.

Nyttig informasjon om endringar på grunn av Sykkel-VM i Bergen 2017 finn du her:

<https://bergen.maps.arcgis.com/apps/MapSeries/index.html?appid=cad721cfe8a84753ad99656ace57db7c>

Rutetabell hos Skyss:

<https://www.skyss.no/Rutetider-og-kart1/sykkel-vm/>

Tilkomst til sjukehuset:

<https://helse-bergen.no/sykkel-vm-i-bergen-2017>



Nytt tilbud om Raskare tilbake i eMeistring.

Av: Kristin Hogstad Bruvik, seksjonsleiar eMeistring.no
Bjørgvin DPS.

eMeistring har frå 1.september 2017 eit prøveprosjekt med tilbud via ordninga Raskare tilbake. eMeistring tilbyr terapeutrettleia internettbehandling for sosial angst, panikkkliding og depresjon med eit parallelt fokus på å hjelpe pasienten tilbake til arbeidsplassen. Behandlinga er kognitiv adferdsterapi, og krevjande i form av tekst og oppgaver.

Dette er eit tilbud til sjukemelde arbeidstakarar som skal gjere det mogeleg å kome raskare tilbake i arbeid. Det er også eit tilbud til arbeidstakarar som står i fare for å bli sjukemelde, med ei målsetting om å unngå sjukemelding.

Vurdering

Føresetnaden for å få eit «Raskare tilbake»-tilbud er at det kan bidra til at den sjukemelde kan komme raskare tilbake i jobb. Det er fastlegen som skal vurdere om personen kan kome raskare tilbake i jobb ved tilvising til spesialisthelsetenesta.

Tilvising til «Raskare tilbake» i Helse Bergen sendast til:

Regional vurderingseining for rehabilitering
Østre Nesttunvei 2
5221 Nesttun

NYTT OG NYTTIG MØTE

Tysdag 2. oktober 18-21 på HUS.

Nokre tema: Osteoporose • hjartebilyd hos barn • svangerskapsdiabetes • spiral • bursitt • alkotest •

Sexologisk rådgiving for kvinner

Nytt behandlingstilbud ved gynekologisk poliklinikk på Kvinneklinikken. Opnar 13. september 2017.

Av: Ragnhild Johanne Tveit Sekse, sexologisk rådgivar,
Kvinneklinikken, Haukeland universitetssjukehus.

Seksualitet er for mange ein viktig del av livet og ei kjelde til lyst, glede, intimitet og nærleik. Verdas helseorganisasjon definerer seksualitet som ein del av mennesket sin livskvalitet og eit viktig aspekt i forhold til eiga helse. Forholdet mellom kropp og seksualitet er tett, og når kroppen endrar seg, kan sjølvbilde og relasjon til ein partner også bli endra. Det kan skje ved graviditet, fødsel, kroppslig skade, sjukdom, operasjon eller behandling. For mange kan seksualitet vere eit sårbart og tabubelagt tema som ikkje blir snakka om.

Korleis går ein sexologisk rådgivar fram?

Ein sexologisk rådgivar møter alle sider ved mennesket sin seksualitet. Gjennom samtalar er målet at vedkomande skal få auka innsikt og forståing for eigen situasjon, betre forhold til eigen seksualitet, og til parseksualitet. Rådgivaren kan også samarbeide med fysioterapeut, lege eller anna helsepersonell ut frå den enkelte sine behov.

Kven kan ta kontakt?

Tilbodet er ope for alle kvinner, uavhengig av om dei har vore pasient på Kvinneklinikken. Dei kan bestille time utan tilvising frå lege. Kvinner som ønsker samtale med sexologisk rådgivar kan sende ein e-post eller ringe gynekologisk poliklinikk på Kvinneklinikken for timeavtale.

E-post skal berre innehalde namn, telefonnummer og fødselsdato. Sekretær ved gynekologisk poliklinikk, eller sexologisk rådgivar, tar kontakt med kvinna for timeavtale.

- Telefon til gynekologisk poliklinikk, Kvinneklinikken: 55 97 42 36
- e-post for timebestilling : KK.sexolog@helse-bergen.no
- Nettadresse: helse-bergen.no/KKsexolog